


Kommunevalet 2015

miljøpartiet
dei grøne

kvinnherad



Tenk nytt. Røyst **grønt.**

Kven er vi?

MDG Kvinnherad vart stifta sommaren 2014. Vi har eit overordna ønske om større fokus på grøne verdiar både nasjonalt, og ikkje minst lokalt, og meiner det er mykje vi kan bidra med for å sikra dette.

Tenk globalt – handle lokalt

Målet til **Miljøpartiet Dei Grøne** (MDG) er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse.

Økonomien skal vera underordna sunne økologiske prinsipp og fremja fred og rettferd både lokalt og globalt.

Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet.

*I denne faldaren finn du eit samandrag av programmet vårt. Vil du sjå heile programmet, går du inn på heimesida vår www.kvinnherad.mdg.no.
Papirutgåva kan du få ved å venda deg til lokallaget.*

*Laget sin leiar er Svein Ingvald Opdal, Seimsfoss.
Kontakt han på telefon 92 85 62 37 eller epost kvinnherad@mdg.no.*

Kommunalverksemd



Hovudmål

Medspelar: MDG arbeider for at

Kvinnherad skal vera ein god kommune å bu og leva i.

Kommunen må bli ein medspelar for innbyggjarane,

etterkomarane, miljø og natur. Respekt og likeverd er nøkkelord

for samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane, og mellom innbyggjarane.

Stimulans: Kommunen skal stimulera til lokal aktivitet og produksjon, og oppmuntra innbyggjarane til innsats for gode og framtidretta føremål. Korteist skal prioriterast framfor langreist.

Nøktern satsing: Kommunen skal konsentrera seg om lovpålagde oppgåver. Tiltak som er andre instansar sitt ansvarsområde må prioriterast bort. Kortsiktige tiltak må erstattast med langsiktige løysingar. I den grad kommunen skal låna meir pengar, må det berre vera til tiltak som gir stor effekt på lang sikt.

Ny kurs: Kommunen må starta omlegginga til ein ny kurs i dag, fordi ei omstilling til det framtidige berekraftige samfunnet vil måtta gjerast gradvis over mange år. Miljø- og klimaspørsmål skal ha auka merksemd i det kommunale planarbeidet, og alle etatsjefar skal ha eit utvida ansvar for at dette arbeidet vert prioritert høgt.

Tenester

Administrasjon: Det må vurderast ny organisasjonsmodell, der meir av administrasjonen er samla i rådhuset, slik at verksemdene får jobba meir med primær oppgåvene sine.

Respekt: FN sin konvensjon om menneskerettar skal respekterast. Ressurssvake grupper har krav på ekstra hjelp og omtanke frå kommunen.

Innbyggjarombod: Det må utgreiast ei ombodsordning, med særleg vekt på grupper med lita evne til å ivareta eigne interesser.

Økonomi

Grøn økonomi: MDG ønsker eit overordna fokus på økologiske og sosiale omsyn framfor kommersielle interesser. Kommunen skal prioritera berekraft og miljø ved innkjøp og drift. Samarbeid med private må etablerast der det kan gi vinst for kommunen. Vi ønsker ei meir heilskapleg planlegging, der synergieffekten av lokale samarbeid vert vektlagde. Kommunen skal vera medspelar, ikkje motspelar (døme: Varaldsøy, Dill og Fatland).

Samfunnsbanken: MDG vil arbeida for at kommunen etablerer ein «samfunnsbank» som disponerer inntil 10% av kraftfondet, med retningslinjer som gir høve til å gi lån til kommunale og private tiltak som kan dokumenterast å ha stor samfunnsnytte på lengre sikt. Rente skal ikkje krevjast i pengar, men i kalkulert samfunnsnytte av tiltaket.

Lånegjelda: Kommunen har ufatteleg høg lånegjeld som aukar år for år, utan nemneverdige nedbetalingar (kr 1.146.000.000,- pr. april 2015). Dette må ta slutt snarast, og ny gjeld bør berre stiftast i tilfelle der den dokumenterte framtidige samfunnsnytta er svært høg.

Kraftfondet: Det er svært uheldig at kommunen sin økonomi er så sterkt avhengig av svingande aksjekursar. Det må vurderast om Kraftfondet (kr 560 000 000,- pr. april 2015) bør avviklast medan det er på topp. Sparing i fond er risikosport (jamfør Terra-saka i Haugesund). Ein fersk risikoanalyse syner at ein i verste fall kan tapa 410 mill, noko som ville vera tragisk for kommunen. Om ein vil behalda ordninga, bør ein sjå nærare på dei etiske retningslinjene for kva bransjar fondet investerer i.

Eigedomsskatt: MDG går inn for å ha eigedomsskatt permanent, slik at vilkåra er fastlagde. Derimot kan satsen endrast for kvart år, og satsen kan gjerne vera lik null dersom kommunen kjem i ein god økonomisk posisjon.

Politikk: Kommunestyret må reduserast til 27 representantar, noko som vert billegare for kommunen. Driftsutgiftene i kommunen er for høge, og kommunestyret må kjenna eit overordna ansvar for å gjera noko drastisk med dette.

Skule og oppvekst

MDG meiner at samfunnet si viktigaste oppgåve er å sikra at born og unge utviklar seg til skapande menneske med sjølvtilitt, sjølvinnsikt, samt forståing og vilje til å ta ansvar for seg sjølve og omgivnadene sine. Ein god offentlig skule skal vera hjørnesteinen i skulesystemet og tilby både pedagogisk mangfald og tilrettelegging for det einskilde barnet.

MDG meiner at denne valperioden må nyttast til grundig planlegging av korleis skulestrukturen bør vera i framtida. Det er difor ikkje grunnlag for å slå saman skular medan denne prosessen pågår. Skulebruksplanen som no er under arbeid, må danna grunnlag for arbeidet. Pedagogane som arbeider i skulen må ha ei viktig røyst når strukturendringar skal gjerast.

Eldreomsorg

Eldreomsorga må utviklast og organiserast på ein rimelegare måte, slik at det vert tilbod til fleire, samstundes som tilbodet blir større (nøkkelord: element/modulbygg).

MDG ønskjer at eldre som bur på sjukeheimar og andre eldreinstitusjonar i kommunen skal få fersk, varm og kortreist mat av høg kvalitet. Måltida på institusjonane skal vera eit av dei daglege høgdepunkta for dei som bur der.

MDG vil gjerne innføra *Tryggleikssjukepleiar* i Kvinnherad, etter mønster frå mellom anna Bergen. Før viktige saker som gjeld dei eldre vert endeleg avgjorde, skal *Eldrerådet* ha høve til å gi ei orientering i kommunestyret.


Kommunestruktur

Intern struktur: MDG går inn for ein ny organisasjonsstruktur, med ein sterk rådmann (med sterk realkompetanse) på topp, og ein pyramidestruktur nedover. Kommunalsjefstillingane bør fjernast.

Kommunesamanslåing: Dersom ny kommuneinndeling kjem på sakskartet i valperioden, ser MDG det som viktig at fleire alternativ vert utgreidde. MDG har ikkje eit fastlåst syn på korleis ein ny kommune bør vera, men ein *Folgefonn kommune* bør vera eitt av alternativa.

Folgefonnhalvøya har eit stort potensiale for utvikling av eit moderne reiseliv med grunnlag i kultur, natur, *Folgefonnssenteret* og *Folgefonna nasjonalpark*.

Toppkandidatane våre



1. Arne Gjerde, Arnavik

Arne bur i Arnavik på Halsnøy, der han er sjølvstendig næringsdrivande som programutviklar.

Arne seier: «Eg har vore «grøn» sidan eg gjekkk på gymnaset, har alltid vore medlem i Naturvernforbundet og Framtiden i våre hender. Eg er difor sjølvstøtt oppteken av kva vi kan gjera for at kloden ikkje berre skal overleva, men for at etterkomarane våre skal ha nok tilgjengelege ressursar til at også dei kan overleva, på ein verdig måte.»



2. Eli Hårklau, Halsnøy kloster

Eli er opprinneleg vossing, men stortrivst i Kvinnherad som teaterlærer på Sunnhordland Folkehøgskule.

Eli seier: «Det er viktig at kommunen blir med og stimulerer til utvikling av nye grønne næringer, samt til framtidssrette omstillingar innanfor eksisterande næringer. Vi ser at oljenæringa er på retur, og for å få til ei «mjuk landing», og ikkje bli akterutseilt av andre land, må vi vera i forkant i denne omstillinga.»



3. Jostein Saghaug, Uskedalen

Jostein bur i Uskedalen, er utdanna sosionom, og jobbar som miljøterapeut. Han er også leiar i NFU-Kvinnherad, og meiner det bør opprettast eit ombod i kommunen for svakare grupper i samfunnet.

Jostein seier: «Eg er grunnleggande oppteken av glede og nytta av fysisk aktivitet for alle i alle aldrar. Eg er med i MDG fordi vi satsar på ei berekraftig utvikling, og fordi partiet framstår så tydeleg for livskvalitet og menneskerettar, også for personar med nedsett funksjonsevne.»



4: Svein Ingvald Opdal, Seimsfoss

Svein bur på Seimsfoss, og er pensjonist. Då han var yrkesaktiv, jobba han mellom anna i kommunen som helse- og sosialsjef.

Svein seier: «Eg er oppteken av berekraft; at oppdrettsnæringa skal inn i berekraftige former, og at naturen skal vera verdiskapar for oss på ein berekraftig måte. Vidare er eg oppteken av at ikkje ulikskapar i inntekt og formue skal auka, og at verdiskapinga i samfunnet skal fordelast mest mogleg på alle innbyggjarane. Eg er med i MDG fordi eg trur partiet står for eit skilje og ein ny kurs som eg ikkje kan sjå dei tradisjonelle partia har makta.»

Fornybar framtid

Hovudmål: MDG vil ha ein lukkeleg slutt på det norske oljeeventyret og starta omstillinga til ein meir berekraftig og fornybar økonomi no.

Landbruk og mat: MDG meiner at landet vårt må vera sjølvforsynt med dei matvarene vi har best føresetnad for å produsera, og vi ønskjer full omlegging til berekraftig landbruk. Det må satsast sterkare på lokalt landbruk, med tilleggsnæringar. Landbruket må vera berekraftig, basert på lokale ressursar, ikkje på langtransportert soyakraftfôr frå Brasil, som belastar regnskogen enormt. Kommunen skal leggja til rette for produksjon og bruk av lokal kortreist mat, også i eigne institusjonar. Mattryggleik er eit nøkkelord for all matforsyning.

Jordvern: Berre 3% av arealet i Noreg er dyrka mark, og i dag vert årleg store areal dyrka mark bygde ned. Denne utviklinga må stoppast og snuast. Det må innførast krav om at den som byggjer på dyrka mark, skal skaffa tilbake til samfunnet eit minst like stort dyrka areal (nullvisjonen). Matjord må vernast på lik linje med trua artar, økosystem og naturtypar.

Fiskeoppdrett: Fiskeoppdrett er i utgangspunktet ei grøn næring som kan gi mat til store folkegrupper, basert på naturen sine eigne premisser, og på ein berekraftig teknologi. Men dersom vi skal få herredømme over rømming, smitte, lakselus og forureining, må det leggjast ned ein stor innsats framover. MDG går inn for at all vekst skal vera i lukka anlegg, og at noverande løysingar med opne merar i sjø skal vera avvikla innan 2020. All fisk i sjøbaserte anlegg må merkast, slik at rømt fisk kan sporast til produsenten. MDG ser difor på landanlegg som løysinga for oppdrettsnæringa på sikt, og kommunen må stimulera til ei slik utvikling. Fisk produsert i landbaserte anlegg bør kunna seljast med eit ekstra grønt svanemerke (= høgare pris), slik at forbrukaren er med å styra utviklinga.

Reiseliv: Kvinnherad ligg godt til rette for eit berekraftig reiseliv, som på sikt kan bli ei av hovudnæringane. Rosendal, med *Følgefonnsenteret*, *Baroniet*, *Steinparken* og *Kvinnherad kyrkje*, er det naturlege reiselivsflaggskipet, men det er viktig å stimulera etablering av grønt reiseliv i alle bygdar.

Bustadområde: Alle bustadområde må planleggjast etter berekraftige og universelle prinsipp. Kommunen må spesielt stimulera byggefirma som er innovative i høve til desse prinsippa. Lokale byggefirma må også oppmodast om å utvikla modul/element-baserte byggemetodar, gjerne baserte på kortreiste materialar, produkt og tenester.

Energiproduksjon: Kvinnherad er ein stor kraftkommune, som forsyner landet med grøn vasskraft. Område som allereie er tekne i bruk til kraftproduksjon, må kunna byggjast ut og effektiviserast maksimalt, gjennom auka satsing på oppgradering av gamle kraftverk og overføringsnett. Det må også bli lettare å få byggja småkraftverk, der det kan dokumenterast god økonomi og samfunnsnytte. Før slike konsesjonar og løyve vert gitt, må tiltaket vegast opp mot eventuelle kolliderande interesser. Urørte område må framleis vernast.

Grøn industri: MDG vil arbeida for at grøn energi som vert produsert i Kvinnherad i størst mogleg grad vert brukt til grøn industri, gjerne plassert i kommunen vår. Døme kan vera hydrogenproduksjon i Matre (www.hydrogen.no), og biogassproduksjon hos *SIM* på Husnes. Det varme spillvatnet frå *Hydro Husnes* må nyttast.

Folgefønnsenteret: MDG har store forventningar til *Folgefønnsenteret* som skal etablerast i Rosendal. Senteret skal formidla kunnskap om geologi, natur, klima og dei marine økosystema, med sterkt fokus på informasjon, kunnskap og viten. Siktemålet er at senteret skal verta ein verdiskapar både for Kvinnherad og heile Folgefønnhalvøya. *Folgefønnsenteret* skal vera ein spyspiss i arbeidet med å marknadsføra Kvinnherad som ein grøn og berekraftig kommune.

Næringsliv elles: MDG vil at mennesket si skaparkraft og engasjement skal utgjera drivkrafta i økonomien. Vi ønskjer å gi eit mangfald av små, lokalbaserte bedrifter, entreprenørar og samvirkeføretak større rom. MDG ønskjer å stimulera til etablering av næringsaktivitet som fremjar utvikling av miljøvenleg teknologi. Kommunen må vera ein pådrivar i å få bygt opp næringsaktivitet i nærmiljøet. Butikkar med kortreist-avdeling, og butikkar som har søndagsstengt, må påskjønast. Småbedrifter bør få fritak frå eigedomsskatt. Andre måtar å premia på bør også vurderast, særleg for bedrifter som driv med framtidsretta berekraftig verksemd.

Klimasmart samferdsle

Hovudmål: MDG ønskjer å revolusjonera norsk samferdsle og gjera det enkelt og billeg å velja dei mest miljøvenlege transportmidla. Vi syns det er langt viktigare å vera pådrivar for lyntog-utbygging, enn å bidra til bygging av unødvendige og forureinande firefeltsvegar mellom vestlandsbyar med relativt få innbyggjarar.

Fjelbergsambandet: *Fjelbergsambandet* – fast vegsamband frå Sydnes over til Fjelbergøy og vidare over til Borgundøy – er eit internsamband som kommunen vil ha svært stor nytte av. Prosjektet må snarast over på lokale hender, og kan enkelt finansierast gjennom dagens ferjemidlar. Sambandet vil vera kostnadsreducerande, gi betre og sikrare skule- og arbeidsreiser, gi tilgang til eit svært vakkert område med stort potensial for bustadfelt og reiseliv, og helsetenester og andre offentlege tenester vil bli lettare tilgjengelege.

Haukelibanen: Kommunestyret vedtok for mange år sidan å stø opp om arbeidet med å få bygt lyntogtraséen *Haukelibanen* (www.norskbane.no). Det er på tide å setja kraft attom dette vedtaket, ved å kjøpa aksjar i selskapet, og elles yta årlege tilskot, slik dei andre kommunane gjer.

Livskvalitet

Hovudmål: MDG vil ha eit samfunn der folk har meir tid til kvarandre, heller enn å jaga etter meir meiningslaust forbruk. Det er bra for kloden, men det er også bra for menneska.

Estetikk: Kvinnherad er ein vakker kommune frå naturen si side. Kommunen må arbeida for tiltak som også gjer det vakkert i nærområda der folk bur og ferdast, t.d. gjennom ein byggeskikkpris og ein estetikkpris som vert delt ut årleg til ei bedrift, ein organisasjon, eller ein einskildperson. Alle bygder i kommunen må stimulerast til å laga eit triveleg sentrum. Sentrum må vera ein stad der alle kjenner seg velkomne, uavhengig av alder og økonomiske og fysiske føresetnader. Kva med ein årleg kommunal konkurranse mellom bygdene om å ha den finaste samlingsplassen i sentrum?

Husnes Hotel: *Husnes Hotel* i noverande tilstand er ei skam.

Kommunen må setja inn alle relevante ressursar for å skaffa rivingsløyve, ved hjelp av PBL §31, evt ekspropriasjon. Samarbeid med Gloppen kommune, som er i same situasjon.

Monstermaster: Rådmannen har gjort eit administrativt utspel mot Statnett, i høve deira planar om storstilt oppgradering av kraftlinja gjennom Kvinnherad. Utspelet, som ikkje er handsama politisk, framstiller planane som akseptable. MDG reagerer sterkt på eit slikt utspel frå rådmannen, og går definitivt imot planen.

Aktivitetar og fritid: Kvinnherad er ein perfekt stad for natur- og kulturbaserte opplevingar, som må utviklast vidare. MDG vil leggja til rette for at folk kan ta ut meir fritid og kortare arbeidstid framfor høgare lønn. MDG går sterkt i mot søndagsopne butikkar.

Helse: Helsetenester må vera likt tilgjengelege for alle, og difor, i hovudsak, gratis og offentleg finansiert. MDG vil leggja til rette for balanse mellom omsorg heime og på gode institusjonar. Førebyggjande helsearbeid skal vera tilgjengeleg for alle. MDG vil ha auka merksemd på psykisk helsevern. Tilbod som *Fatland aktivitetshus*, *Fausk Gard*, *2kryss* og *Valekrossen skule*, fungerer godt og må difor stimulerast vidare.

Kultur: MDG meiner at kulturlivet er eit grunnleggjande element i samfunnet, som kan gi oss eit rikare liv. Vi ønskjer å vidareutvikla dei mange kulturtilboda i kommunen og det særskilde arbeidet som *Kulturskulen* står for.

Baroniet: *Baroniet Rosendal* er ein særeigen kulturinstitusjon av nasjonal verdi og eit merkenamn av stor nytte for kommunen vår. Kvinnherad kommune må vera ein viktig pådrivar for å få auka statlege overføringa til investeringar og drift.

Eldsjeler: Eldsjeler er drivkrafta i det frivillige kulturlivet. Gode dømme er personane bak fleire idrettsanlegg rundt om i kommunen, *Valestiftinga*, *Steinparken*, *Vangssago*, *Galeasen Gurine*, *Halsnøybåten*, *Rosendalstiftinga*, *Klostervenene* og *Festidalen*. Eldsjelene fortener auka merksemd, og MDG ønskjer å premiera prosjekt der eldsjeler og dugnadsarbeid er sentrale element.

Sluttord

Vi i MDG vedgår at vi ikkje har komplette løysingar på alle utfordringane som møter oss. Vi vil difor ha ei audmjuk og lyttande haldning til så vel fagkompetanse og sivilsamfunnet, som til den internasjonale miljø-, freds- og solidaritetsrørsla, slik at politikken vår stadig kan utviklast i møte med ny innsikt og forståing.

Det er viktig for oss – som nemnt fleire stader i denne brosjyren – å vera medspelarar for innbyggjarane i kommunen. Stikk gjerne innom standen vår for ein prat under valkampen. Vi vil gjerne høyra dine synspunkt på kva utvikling Kvinnherad treng.



*Besøk oss også på kvinnherad.mdg.no,
og facebookside vår, Kvinnherad Miljøpartiet Dei Grøne.*

*Vi er eit nytt parti med null kroner i banken og ingen store sponsorar.
Skulle du ha lyst til å støtta oss økonomisk, så vert vi hoppande glade.
Bankkontonummeret vårt finn du på nettsida vår.*

Godt val!